

# JORDPROBLEMATIKK PÅ VESTLANDET

av FAGUS-rådgiver Harald Olav Aksnes

Det er det som er over jorda ein ser av ei plante. Men det er det som er under jorda som i stor grad skapar det ein ser over jorda. Dette er nokre sommartankar frå ein av og til frustrert gartner.

Planteprodusentar er særst opptekne av jorda dei dyrkar i – å få til rett struktur, rett vatning, rett pH og næringsinnhald. Diverre ser det ut som om dette ofte vert totalt gløymt når plantene vert planta ut i hagar og anlegg. Då ser det ut som om jord er "noko ein vert skiten på fingrane av" – ikkje eit vekstmedium for plantene.

## Mykje myr og lite leir

Austlandet har i stor grad leirjordsproblematikk - Vestlandet har myrjordsproblematikk. Me har og det me på dialekt kallar for "rotafjellsjord" eller forvitningsjord av skifrige bergartar. Som vestlending er eg lite borti leirjordsproblematikk, så denne vil eg ikkje ta med vidare.

## Myrjord

Myrjord har mange gode eigenskapar, men når han førekjem som einsarta jord har den også diverse manglar. Den er næringsfattig og krev god næringstilførsel. Kanskje det viktigaste på nedbørsrike Vestlandet er at den lett vert vassjuk. Utan god drenering vil plantene regelrett drukne. Vi kan ofte sjå dette på produksjonsplanter som står i pottar. I nedste delen av potta er det ofte dårlegare rotutvikling enn høgare oppe i potta. I nedste delen av potta er det oksygenfattig vatn som planterøtene ikkje trivst i.

Som ein arbeidsregel brukar eg sjølv å tenka at av alt røtene treng, toler dei kortast tid utan luft, deretter kjem vatn og til sist næring. På dette kan eg som døme bruka nokre *Rhododendron* som vi for nokre år sidan hadde tydelege mangelsymptom på. Det såg ut til å vera jernmangel. Prøvar viste også at det var jernmangel i planta, men ikkje i jorda. pH-verdien var også som den skulle vera. Men røtene på plantene var dårleg utvikla og greidde ikkje å ta opp nok jern. I dette tilfellet var det for mykje vatning som gjorde at rota ikkje hadde utvikla seg som den skulle – det var blitt "vassjuk". Mindre vatning og god nitrogentilførsel var i dette tilfellet det som skulle til for å få plantene i god trivnad.

## Bork

For å sikra lufttilgangen til røtene brukar vi i produksjonen tilsetning av bork (ca 30%). Dette har vi god erfaring med, men det krev noko ekstra

næringstilførsel. Bork er i dag eit populært dekkmateriale i hagar og anlegg. Dette har eg eit blanda forhold til. På områder med stor jordfukt verkar borken som eit lokk som hindrar fordampning og dermed skapar endå våtare og mindre lufthaldig jord. I tillegg reduserer borken varmen i jorda, noko som nok er ein viktigare vekstfaktor for plantene enn vi ofte har med i vurderingane.

## Rotafjellsjord

Den såkalla "rotafjellsjorda" har litt av dei same eigenskapane som leire. Den er næringsrik, men vert lett kompakt. Her er det først og fremst jordstrukturen som vert for tett for mange planter. Til dømes *Rhododendron* greier rett og slett ikkje å få røtene sine ut i dette vekstmediet. Ved innblanding av sand og humus er dette eit ypparleg utgangspunkt å plante i. Men i mange høve krev jorda arbeidning for at den skal gje eit godt resultat.

## Ferdigblanda jord

Ferdigblanda jord er i dag i aukande bruk, men av svært skiftande kvalitet. Det er også utarbeidd Norsk Standard for vekstmedium, men så langt eg kan sjå er den alt for lite brukt.

Eg sit med resultatane frå ein jordprøve eg nett har fått igjen frå Jordforsk framfor meg. Det gjeld eit anlegg der plantene dauda over ein lav sko, uavhengig av art og sort. Jorda hadde ein pH på 7,6, Na-AL på 45 mg/100g og eit Mg-tal som var særst høgt. Det her er ein pH og eit saltinnhald som ikkje høver til plantejord.

For meg er det eit tankekors når eg er rundt og ser på anlegg at det er lagt så lite vekt på vekstmediet. Planter som er planta frodige og i god vekst stagnerar totalt. I mange høve er jordtilhøva så dårlege at ein berre ved å stikka fingeren i jorda kan konstatere at dette kan ikkje gå godt. Jorda er hard som betong, eller den er direkte vassjuk. Når ein i tillegg får pH-verdiar og næringshald som er meir egna til å ta livet av planter enn til å skapa vekst, er det forståeleg at ein ser ein del stusselege anlegg.

Harald Olav Aksnes er landskapsarkitekt og planteskoleier (Gimle Planteskule).

Dette kunnskapsbladet er tidlegare utgitt som FAGUS Fakta nr. 10.

Fakta-serien er et tilbud for abonnenter hos FAGUS Rådgivning. Copyright FAGUS. Ettertrykk er ikke tillatt.